

# BOKN BYGDABLAD

NR. 5 - JUNI 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR


## BOKN PLAST KAN FÅ STORE LEVERANSAR TIL NORDSJØEN

Som sikkert mange har høyrte og kanskje lese i Aftenbladet har Bokn Plast fått eit oppdrag på tre svære lokk som skal plasserast over brønnehovedventilane på 250 meters djup på Haltenbanken på oljefeltet Draugen.

Denne leveransen kan bli starten på ein omfattande ny produksjon for Bokn Plast. Bedrifta har lagt inn tilbud på 17 nye brønnehovedlokk som skal plasserast på Troll-feltet med opsjon på 25 i tillegg.

Dagleg leiar i Bokn Plast - Gunnar Eide, seier til bygdabladet at avgjerda om Bokn Plast får dei store oppdraga vil koma i løpet av sommaren. Bokn Plast må montera dei 3 lokka hos Karmøy Stålinndustri i Skudenes, då dei ikkje har egna lokale ved bedrifta i dag. Men dersom bedrifta får dei nye store oppdraga, vil det bli nødvendig med utviding av produksjonslokala.

Bokn Plast har alt nå tatt inn 2 mann ekstra i arbeid, og dersom dei får dei nye oppdraga må dei auka bemanninga med frå 6 - 8 personar.



## SKULEFRUKOST

Me i 6. klasse fekk ideen om å laga ein skulefrukost. Hensikten med skulefrukost er å snakka om eit tema mens me et og koser oss. Mandag 11/5 hadde me i 6. klasse besøk av den erfarne journalisten Reidar Risvold frå Haugesunds Avis. Han åt skulefrukost og snakka om avisa. Me åt sjømat fordi det var spesielt for Bokn. Frukostbordet var dekkja med:

- Reker /kongereker ; frå Tor Harald
- Røykelaks/eggerøre ; frå Bianca og Nina
- Tørrsild/sursild/makrell; frå Richard og Roger
- Poteter/heimelaga saft ; frå John
- Fiskepudding/heimelaga brød ; frå Åsmund og Magnus
- Bordekning ; Elin og Anja.

Skulefrukosten er innført i andre land og enkelte store byar fordi elevane har dårlege kostvaner. Dei hadde nok hatt lyst til å eta med oss.

Me har arbeidd med "Avis" på skulen ganske lenge. Tema var å analysa avisa ; f. eks. "Kva er god journalistikk; kva er godt stoff; kva skal det teiast om og kva skal folk få veta; sosialpolitikk eller sosialpornografi - grafsing i folk sitt privatliv ; kva effekt har massekommunikasjon på folk."

Reidar Risvold har jobba i avisa i 20 år. Risvold er ein av 30 journalistar som jobbar i avisa. Han fortalde at ingen dagar er like fordi ein dag var det vanskeleg å få tak i stoff og andre dagar er det overflod med stoff. Risvold har kome i Guinness rekordbok fordi han flaug frå Haugesund og jorda rundt på ei helg. Han reiste rett etter jobb på fredagen og kom heim 2 timar for seint til arbeidet på mandagen.

Folk kan ringe til avisa og gje dei gode tips. Dei som ringer får kanskje tilsendt ein 5 vekers lottokupong.

Reidar Risvold fortalde at avisstoff kunne skapa frykt hos mennesker. F. eks. artikkelen: "Ingen spor etter miner ved Killingøy," som han har skrive, kunne han ha formulert på ein annan måte : "Tusenvis av miner dumpa utanfor Haugesund ; ein fare for skipstrafikken."

Det er journalistane som bestemmer kva stoff som skal vera med i avisa. Reidar Risvold sa at journalistane ikkje har taushetsplikt, men dei har ikkje lov til å røpe kjeldene.

Reidar Risvold har besøkt mange andre skular, men aldri fått servert skulefrukost og sjømat før. Dette syntes han var heilt topp og var med oss i tre timar.

Helsing 6. klasse.

## HAR DU GAMLE BILETE?

Bygdeboknemnda i Bokn ynskjer fleire bilete frå eldre tid. Ein del av bileta ynskjer dei å bruka i bygdeboka som skal koma. Dessutan ynskjer ein å oppretta eit biletarkiv i kommunen som skal vera ope for alle.

Liv Vatnaland som arbeider for bygdeboknemnda seier til bygdbladet at folk kan koma til biblioteket med gamle bilete, slik at desse kan avfotograferast. Eigiarane vil så få bileta tilbake. Avfotograferinga vil skje i slutten av september i år. Fram til den tid vil ein frå nå av kunna levera inn bilete på biblioteket onsdagar mellom kl. 16 - 19 og torsdagar mellom kl. 10 - 13.30. Det vil då vera folk til stades frå bygdeboknemnda og ta imot bildene, som ein vil oppbevare fram til dei er avfotograferte.

Liv Vatnaland seier at ein er interessert i alle slag bilete. Motiva kan t.d. vera frå arbeidsliv, familiebilete, klassebilete eller anna. Ein er interessert i bilete fram til 1940, men også frå livet i krigstida dersom nokon har det.

Altså - frå nå og framover vil ein kunna levera bilete inn i biblioteket på dei tidene som er nemnt ovafor. Ein håpar at mange ser fordelene med å ha eit biletarkiv i kommunen for nåverande og komande generasjonar.

Det vil også bli høve til å koma med bilete på sjølve avfotograferingsdagen i slutten av september.

Det vil koma nærare informasjon om dette seinare.

## FÅ VIL SLUTTA MED MJØLKEPRODUKSJON I BOKN

Det har vore lita interesse for ordninga med å seia frå seg mjølkeproduksjonskvoten blant bønder i Bokn. Reikerås ved landbrukskontoret kjenner berre til 1 - 2 gardbrukarar som har søkt om dette. Ordninga går ut på at dei som seier frå seg mjølkeproduksjonskvoten vil kunna få ein økonomisk kompensasjon for dette.

## EI STILLE VEKE

Alvestadkroken er vel den delen av Bokn som har fått mest ulemper av den nye riksvegen gjennom Bokn i form av støy og forureining.

Då det var ferjestreik for nokre veker sidan, var det fint å bu i Alvestadkroken. Då slapp ein stået av trailarar og bilar. Berre ein og annan personbil. Det var ei kvile for øyra og auga.

I slutten av mai hadde me alle fine sommardagar. Men då var streiken slutt, og på dei fine, stille kveldane kunne ein gleda seg med å vera lenge ute i hagen. Vel og merka viss ein brukte hørselvern. For kveldane vart øydelagde av gjennomtrengande støy frå trafikken. Ikkje vil eg nokon gong meir tru på vegvesenet sine planleggjarar om at støyen knapt skal høyrast. For faktisk er støyen svært gjennomtrengande ganske langt borte frå vegen på ein fin sommarkveld.

Viss du er i tvil om dette er sant, så berre kom ein stille kveld når det er ver å vera ute. Du vil nok foretrekkja å gå inn for å få ro.

ra.

# G R E N D A H U S     I     B O K N ?

Kulturstyret har teke opp saka med grendahus i Bokn og fått avsett kr. 10 000 kr. til å utreda behov, storleik, kostnad/finansiering, dugnad og driftsform. Eit utval er no nedsett og har konstituert seg. Første møte i utvalet fann stad den 26. mai. Utvalet ynskjer mykje innputt og tankar omkring prosjektet frå bygdafolket.

Utvalet er tverrrpolitisk samansett og består av 5 medlemmer desse er:

Johannes Nilssen, leiar  
Gunnar Bokneberg  
Marie Elin Vågshaug  
Dag Idar Jøsang  
Marit Irene Markhus, sekretær.

Utvalet vil i første omgang prøva å skolera seg med litteratur og besøk hos andre som har bygd hus. Seinare vil me kontakta alle lag og organisasjonar og andre som me meiner kan ha interesse av huset for å kartleggja behovet og finna ut kva kvar kan bidra med i bygging og drift. Me vonar å ha eit resultat ferdig i løpet av året.

No vil me at bygda skal tenkja i lag med oss. Skal me få til huset må me løfta i flokk. Det nyttar ikkje berre med eit utval eller ein komite. Ta til å snakk med naboen om huset, eller andre du kjenner. Jo fleire gode idear dess betre. Har du noko tankar rundt dette så ta kontakt med ein av medlemmene i utvalet.

GRENDAHUSUTVALET

---

## BOKNARAR, KOR ER DOKKE ? ? !

31. mai 1992 vart det arrangert Boknafestival for 6. gong. Det var mange gode musikantar som var med, både lokale og utanbygds. Men kor var publikum ? Trur de at lite publikum på slike konsertar er til stor inspirasjon og stimulans for dei som skal øve kvar veke gjennom heile året ? Eller til inspirasjon for styre og foreldre som strevar med å få det heile til å gå økonomisk ?

Været var så fint seier du. Ja i år så. Men det har vore Boknafestival med dårleg vær og, og like lite oppslutnad ! Mottoet ser ut til å vera: det eg ikkje er nøydd til å gå på, gidd eg ikkje å gå på.

Kva skjer om korpsa seier at nå gidd me ikkje å spela verken til 17. mai eller noko anna arrangement ?

Tenk litt på dette neste gong du ikkje støttar opp om dei kulturelle arrangementa som skjer i VÅR kommune.

Tidlegare styremedlem S.A.

# NYTT FRÅ SKULESTYRET OG BARNEHAGENEMNDA.

Det er no vedteke at det blir ei halvdagsavdeling i barnehagen vidare. Det gjer at alle som har søkt får tildelt plass for neste barnehageår. Bokn er derved ein av dei få kommunane i fylket som har full barnehagedekning. Men barnehagenemnda understreker i sitt vedtak at ein må arbeide for å finne eit anna og meir permanent tilhaldsstad for den nye avdelinga.

Første klasse får utvida sitt veketimetall frå 16 til 20 frå hausten av. Det gjer at alle klassane no vil gå 5-dagars veke.

Det er vedteke å innføre engelskundervisning frå og med 3. klasse. Det er også gjort ein del andre mindre endringar i fagfordelinga for småskulen.

Skuleruta for neste år er fastsett. Skuleelevane skal starte skuleåret onsdag 19. august 1992, og siste skuledag før neste somarferie blir onsdag 23. juni 1993.

7. klasse vil ikkje få valfag frå neste år av. Derimot vil dei få meir valfag i 8. klasse. Det vil også bli ei endring i opplegget for valfag, og ein planlegg å få inn emne knytta til Bokn og kystkultur.

Kommunestyret har fastsett at skulefritidsordninga skal halde fram. Skulestyret har vedteke retningsliner for ordninga, og etter dette kan Bokn kommune tilby sine barnefamiljar eit tilsynstilbod heilt til barna er ferdige med 3. klasse. Tilbodet strekk seg frå kl. 0730 til 1545, 11 månader i året.

Arvid Jøsang har sagt opp stillinga si. Etter mange år ved Bokn skule ønskjer han no å prøve seg ved Tysværveg skule.

Som ny undervisningsinspektør er tilsett Ingjerd Thuestad.

DH

## SNUPLASS FOR BUSS VED SKULEN

Teknisk hovedutval skal den 4. juni behandla ei sak om sнопlass ved skulen for buss. Det har i alle år vore eit problem med at bussen ikkje kan snu ved skulen utan å rygga. Såleis oppstår det farlege situasjonar for skulebarna som skulestyret nå har bede om at det vert funne ei løysing på.

Administrasjonen meiner at den beste løysinga vil vera å leggja ein sнопlass mellom Boknatun og skulen. Dette

betyr at bussane må kjøra ned til Føresvik og opp til Boknatun for å avlevera og å henta skuleelevar. Den største ulempen med denne løysinga er vel at bussane må kjøra gjennom bustadfeltet i Føresvik, men teknisk etat meiner at dette seinare kan løysast ved at ein planlagd ny veg til Boknatun på vestsida av bygget og sørover vert realisert.

Saka skal vidare til formannskap og kommunestyre.

# INFORMASJON FRA TEKNISK ETAT

## NÆRMILJØPLAN FOR FØRESVIK

Arkitektfirmaet ARKIC A/S i Kopervik har fått i oppdrag å utarbeide forslag til nærmiljøplan for kaiområdet i Føresvik.

Det er Bokn handelslag, Bokn Plast A/S og Bokn kommune som står bak prosjektet. Hensikten med planen er å komme fram til en strategi for hvordan kai- og havneområdet kan gjøres mer funksjonelt og samtidig framstå som et hyggeligere sted å være.

Planen vil inneholde forslag til miljøskapende tiltak som dannelsen av uterom, leskjemmer og beplantning, informasjons- og velkomstskilt.

Forslag til kundeparkering, langtidsparkering og snuplass for buss skal inngå i planen og hvordan kaien best mulig skal fungere for inn- og utskipninger samt hurtigbåttrafikken.

## BOLIGFELT PÅ ARE

Bygningsrådet har vedtatt å legge ut til offentlig ettersyn forslag til privat reguleringsforslag for boligfelt på Are.

Planområdet ligger rett sør for Lauplandsvågen på Håvard Hetland sin eiendom og omfatter 5-10 boliger.

Huskjøpere skal i tillegg kunne få tildelt sjøhustomt til Lauplandsvågen.

## BADEPLASS VED "GRUSTAKET" TIL KOMMUNEN

Kommunestyret har vedtatt nærmiljøplan for området omkring det tidligere "grustaket" til kommunen sør for Boknebergssjøen. Her vil det etterhvert bli anlagt badebasseng og balløkke og tilhørende parkeringsplasser.

Arbeidet med badebassen er påbegynt og en regner med at stranda vil være "badeklar" til St.Hans.

## KILDESORTERINGSPLAN FOR AVFALL

### INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Kommunestyret har vedtatt kildesorteringsplan for Bokn og at kommunen skal søke medlemskap i Toraneset renovasjonsselskap. Selskapet består av medlemskommunene Tysvær, Vindfjord, Ølen og Etne.

Målsettingen er at Bokn skal være fullverdig medlem f.o.m. 01.01.93. Fra samme dato vil det være innført tvungen renovasjon for alle husstander og hytter i kommunen. Samtidig vil søppelplassen på Jøsen bli stengt.

Foruten innsamling av husholdningsavfall, vil publikum få tilbud om levering av glass og papir samt spesialavfall.

Årsavgiften vil bli vesentlig redusert i forhold til dagen pris. Den nye satsen vil sannsynligvis ligge på ca. kr. 600,- til kr. 650,-

Det vil bli gitt nærmere informasjon i løpet av høsten.

**OPNINGSTIDER:**

**TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30**

**ONSDAG : kl.16.00 - 19.00**

**TORSDAG : kl.10.00 - 13.30**

**BARN/UNGDOM**



**Abrahamsen, Aase F.:**  
Glad i deg.

**Audum, Beate:**  
Fedorah og fugleskremslet

**Hauge, Kolbjørn:**  
Onsdagsraneren

**Lorentzen, Gustav:**  
Johnny Pyjamas og supersabotørene

**Osmundsen, Mari:**  
Molly og Agesander



**VAKSNE**

**Devon, Gary:**  
Farlig begjær

**Faulkner, William:**  
Noveller

**Skram, Amalie:**  
Lucie

**Tan, Amy:**  
Kjøkkengudens kone

***BIBLIOTEKET -  
gratis å spørje  
gratis å få svar***

# TURISME SOM FRAMTIDIG NÆRINGSVEG

Landbrukskontoret i Tysvær har sent ut eit spørjeskjema til alle husstandane i Bokn som går på spørsmål om nokon kan tenkja seg å driva ei eller anna form turisme som attåttnæring.

Anders Eik Hauge ved landbrukskontoret i Tysvær som er prosjektleiari i prosjekt Næringsutvikling Nord-Rogaland, seier til bygdabladet at dei nå vil prøva å laga ei oversikt over kor mange som kan tenkja seg å driva med turisme, og kva ein kan få ut av det som framtidig næring.




Prosjektarbeidet med turisme som næring eller attåttnæring starta her i distriktet opp i Vikedal, Imstrand og Nedstrand, og her er det ca 50 som driv slik aktivitet. Det dreier seg om ulike aktiviteter som å driva utleige av hus eller hytter, båtutleige, husflidsaktiviteter og handverk. Det gjeld om å få desse aktørane til å samarbeida. Dersom dei veit om


kvarandre og samarbeider kan dei driva felles marknadsføring av produkta sine.

Der fins mulighet for lån og eventuelt tilskot til oppstarting av bygdeturisme hos landbruksbanken. Det er også etablerarstipend for å læra om bygdeturisme. Det er visse planar om eit kurs om bygdeturisme til hausten her i distriktet. Dette kurset vert kanskje lagt til Skjold.

Anders Eik Hauge seier til bygdabladet at han har fått ein del respons frå Bokn.

Landbrukskontoret ynskjer ei oversikt over kva Bokn kan tilby i forhold til turistnæringa, og vil kunna tilby rådgjeving og planleggingshjelp til interesserte. Dei vil også kunna orientera om finansieringsmuligheter og etablerarstipendordning.

		
<b>TRIMFEST FOR ALLE</b>		<b>SØNDAG 28. JUNI 1992</b>

<b>KOM I FORM TIL OL OL-MARSJ 2. PINSEDAG Start frå Vaulen kl. 14.00-16.00</b>	
--	---



## ALARMTELEFONAR I BOKN

Legevaktsentralen på Bokn sjukestove åpna i november 91, og har fått tlf.nr. **04748522**.

Viss du ringer dette nr. når du treng hjelp, kan du setjast direkte over til sjukepleiar, lege eller sjukehus. Det er derfor viktig at du bruker dette telefonnummeret.

**VED SJKDOM: RING TLF.04748522-SJUKEPLEIAR/LEGEVAKT  
LIVSTRUANDE TILSTANDAR: TLF.003**

**BRANN** skal meldast på tlf.nr. **001**, alternativt **04721010**. Meldingen går til brannstasjonen i Haugesund som varslar manskapa i Bokn.

**POLITI** varslast på tlf.nr.**002** (vaktsentral)  
Lensmann i Tysvær tlf.nr.**04775480**

Helseetaten



Teknisk etat

## DANMARK

Stort hus udlejes i uke 27 - 34 - 37 og ugene derefter, for 2.000 kr. pr. uge + el. og olie. 2 store stuer, 3 soveværelser med 7 sovepladser, vaske- og opvaskemaskine, terrasse, altan, 2 haver, direkte ved Limfjorden med stort privat strand i Nord Jylland.

Tlf. 09545 - 97993261

(Ragna eller Reidar Alvestad kan gi nærare orientering om huset og plassen)

## HELSESTASJONEN

Er stengt 09. juni.

## HYTTER TIL SJØHUS

Fire saker om bruksendring frå sjøhus til hytte skal opp til behandling i bygningsrådet den 4. juni.

## RÅDYRJAKT

Bokn viltneemd har for jaktseasonen 1992 søkt Fylkesmannen om opning for rådyrjakt. Minstearealet er 600 dekar. Før det blir tatt standpunkt for opning av jakt, skal viltkonsulenten på befaring i kommunen. Har du opplysningar om rådyrbestanden - ta kontakt med viltneemnda.

synspunkt om rådyrjakt må vera skriftleg til viltneemnda innan 01.07.92.

Kontakt Annbjørn Sunde.

## 14 VILLE BLI

## MILJØVERNLEIAR

Det ser ut til at arbeid innan miljøvern er populært for tida. Heile 14 søkjarar var det til 1/2 ledig stilling i Bokn.

Olaug Askeland var den som fekk stillinga. Ho skal begynna 01.01.93 dersom ho tek imot stillinga.



## STILLING LEDIG FOR SOMMERVIKAR

Det er ledig stilling for sommervikar ved teknisk etat i perioden 22.06-31.06

Arbeidet vil bestå av parkmessig vedlikehold, maling av bygninger og andre vedlikeholdsoppgaver.

Søkere må være fylt 18 år.

Skriftlig henvendelse må være sendt teknisk etat innen 15.06.92

Hans Faye

## FERIEVIKAR REINHOLDAR

Det vil bli ledig deltidsarbeid for reinholdar ved Boknatun i perioden 10. juni - 31. juli.

Søknad innan 1 veke vert å senda til Rådmannen, Bokn kommune, 4290 Føresvik.

## STØTTEKONTAKT/AVLASTAR

Sosialkontoret har frå tid til anna behov for folk som kan utføra arbeid som støttekontakt og/eller avlastar

Ta kontakt med sosialkontoret

## LEDIG STILLING

Frå 10. august og ut 1992 er det ledig deltidsstilling (12 t. pr. veke) som assistent for funksjonshemma.

Arbeidet går i hovedsak ut på tilrettelegging av arbeidsoppgåver og hjelp og rådgjeving. Det kan i periodar bli tillagt andre oppgåver.

Løn etter stillingskode 6572 - lønstrinn 11 - 18 etter 16 år.

Opplysningar om stillinga kan fås ved å venda seg til helse- og sosialsjef.

Søknad vert å senda Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet, innan 20. juni 1992.

Rådmannen

## SOMMERJOBB SØKES

"Fire flittige hender" søker maleropdrag. Alt av interesse.

Henvendelse tlf. 74 84 55

Fredrik Faye Kai Arne  
Christiansen





# BOKN TRYGDEKONTOR

## KONSULENT

Bokn trygdekontor har ledig 3/4 stilling som konsulent.

Vi søker ein medarbeidar med relevant utdanning og/eller trygdefagleg bakgrunn. Det vil bli lagt vekt på personlege eigenskaper og evne til samarbeid og sjølvstendig arbeid.

Den som vert tilsett må seie seg villig til å ta naudsynt etatsopplæring.

Stillinga som konsulent er plassert i lønnskode 1064, l.tr. 9 - 13. Det er pliktig medlemskap i Statens Pensjonskasse.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til trygdesjef Ingunn Sunde, tlf. (04) 74 84 71.

Søknad med kopi av attestar og vitnemål må sendast Bokn trygdekontor, 4290 BOKN, innan 26. juni 1992.

Bruk gjerne etatens søknadskjema.

## SKOGBRANNFARE!

Husk skogbrannfaren! Det er forbudt å gjøre opp ild eller behandle ting som representerer brannfare utendørs under slike forhold eller på en slik måte at det kan føre til brann.

All skog og trær er viktige elementer i Bokns kulturlandskap.

La oss ikke tape noe av dette som følge av uvettig bruk av åpen ild!

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

## ARRANGEMENT

03.06: Saniteten har basar  
19.06: Kino

Kyrkjebygd søndagsskule

14. juni.

## MØTER PÅ BOKNBEDEHUS:

14.06: kl.19.00 Santalmisjonen  
21.06: kl.11.00 Kor frå Varhaug



07.06: kl.15.00 NB!  
Høgtidsgudsteneste  
v/soknepresten. Dåp.  
Offer. Skolelaget.  
28.06: kl.11.00. Høgmesse v/  
soknepresten. Nattverd.  
Offer Israelsmisjonen.

## SLEKTERS GANG

### Fødslar:

17.12.91 Anders Aksdal (Jon  
Andreas og Heidi  
Aksdal)  
11.01.92 Vidar Øvrebø (Bernt  
og Kari Øvrebø)  
05.03.92 jente (Espen og Åse  
Helen Alvestad)  
10.03.92 jente (Robert og  
Anne Lise Kvilhaug)

### Døde:

Torbjørn Nedrebø d.15.04.92  
Johannes J.Våge d.20.05.92

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den  
10. juni.  
Påmelding til sosialkontoret  
tlf. 74 85 00.

## BOKN BYGDEMUSEUM

har opningstid kvar søndag i  
juni, juli og august frå kl.  
15.00 - kl. 18.00.

## SKULESTYREMØTE

Det vert skulestyremøte tysdag  
den 16.juni kl. 19.00 på  
skulen.

## ASFALTERING

Private som ønsker asfaltering  
kan henvende seg til teknisk  
etat innen den 13. juni.  
Kommunen skal asfaltere i  
løpet av uke 25 og en regner  
med at asfalteringsfirmaet  
samtidig kan utføre private  
oppdrag.

Teknisk sjef

## OPEN GARD

Sundag 16. august 1992  
arrangerer Bokn Bondelag  
OPEN GARD hos Sigmund  
Alvestad.